

Kristiansund kommune,  
Bygningssjefen,  
postmottak@kristiansund.kommune.no

19. august 2010

## **FRÅSEGN - REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIOMRÅDE OG DJUPVASSKAI PÅ HUSØYA**

Vi viser til reguleringsplan med konsekvensutgreiing som ligg til høyring.

Frå Naturvernforbundet si side er vurderinga av denne reguleringsplanen mellom dei vi er sikre på kva vi meiner om: Denne reguleringa bør ikkje finne stad. Vesentlege delar av Husøya bør tilbakeførast til LNF-område slik at det kan vere ein viss buffersone mellom eventuell anna verksemd og det verna området på Fugløya.

Reguleringsplanen representerer verksemd som vil skje relativt nær opptil det verna området, og både verksemda og eventuelle ikkje planlagde følgjer av verksemda kan få store negative konsekvensar for naturverdiane både på Fugløya og Bolgleira.

Naturvernforbundet er kjent med fråsegna frå Bolga velforening, dagsett 19.8.2010. Deira fråsegn får fram dei momenta som Naturvernforbundet vil gjere gjeldande innan biologiske tilhøve og friluftsliv, så vi viser til denne.

Med helsing

Øystein Folden  
Leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal